



Slik kan ein nyutsprungne doktor sjå ut. Bobler og PhD-kake venta Kjersti og alle i salen etter ein vellukka disputas.



Familien hadde teke fri for å vera med på disputasen. I midten sit mor Ingegjerd Opstad og far Bernt Strand. Nærast er storebror Andreas og svigerinne Ingrid.



Laget til Kjersti. Frå venstre står professor og rettleiar Øyvind Breivik (GFI og MET), leiar av disputas og leiar av GFI Nils Gunnar Kvamstø, opponent og seniorforskar Dr. Ing Ingrid H. Ellingsen (SINTEF Ocean), opponent professor Dr. Habil Hand Burchard (Leibniz Institute for Baltic Sea, Tyskland), ny Dr. Kjersti Opstad Strand, rettleiar og forskar Dr. Frode Vikebø (HI) og rettleiar og seniorforskar Svein Sundby (HI).



Det mektige kjente landemerket.



Bygget til Geofysisk Institutt vart teke i bruk i 1928. Geofysen er eit verk i Bergen.

Vêr, torsk og doktorgrad

Meteorologen frå Eidsbøen har dei siste åra forska på kva vêret har å seia for torsken. Me fylgde Kjersti Opstad Strand (31) sin siste etappe inn i verda som doktor.

Det er fredagsmorgon, og sola skin over *Geofysen* på Florida i Bergen. Det ærverdige bygget frå 1920-talet rommar i dag Bjerknessenteret for klimaforskning og Vêrvarslinga på Vestlandet (Meteorologisk Institutt) i tillegg til Geofysisk Institutt.

Opp frå Allégaten kjem ho gåande – trur eg. Delikat kledd i kjole og finsko. Kvinna frå Eidsbøen som i dag disputerer.

– Kjersti? spør eg.

Ho reagerer kjapt med eit stort smil.

– Eg er Karoline! Så kjekt du synest me liknar.

Me er ute i same ærend. Karoline skal sjå tvillingsystema leggja fram og forsvara doktorgradavhandlinga si, og har med seg både kjærasten og svigerforeldra sine.

Ved inngangen tek storebror Andreas og kona hans Ingrid i mot oss, òg dei er fint kledde.

– Heile familien tek fri i dag. Dette er stort, seier Ingrid.

Dette er ikkje fyrste gong nokon i familien tek doktorgrad på Geofysen.

– Mamma disputerte her i 2008, i det same bygget, fortel Karoline.

Medan Ingegjerd Opstad forska på tidlege livsfasar hos marin fisk, har dottera hatt torsk under lupa.

Full sal

Korleis vêret påverkar torsk. Skal du koka ned den hundre sider lange doktorgradsavhandlinga til 31-åringen frå Eidsbøen, er det desse fire orda som står att. Korleis vêret påverkar torsk.

– Alt du treng å vita, finn du eigentleg på dei åtte fyrste sidene, seier Kjersti og ler. Ho er hovudpersonen i auditorium 105 i dag, og seier ho er nervøs. Opponentane har gjeve henne positiv evaluering av oppgåva, men i dag er tida ho skal utfordrast munnleg. Ikkje berre framfor den næraste familien,

viser det seg. Seteradene i auditoriet fyller seg snart opp med kollegaar og andre skodelystne. Ekstra stolar vert borte inn, likevel må nokon stå. Seansen er offentleg, og kven som helst kan vera publikum under ein disputas. Det kan verka som dette er ein arena der generasjonar med fellestrekk møter kvarandre.

– Er du broren? Då har eg studert saman med far din, seier ein godt vaksen mann og handhelsar på Andreas.

– Så det er du som har alle dei gode historiene, responderer han, og begge ler.

Harry Pottersk

Alle reiser seg når leiar av disputasen og av Geofysisk Institutt, Nils Gunnar Kvamstø, kjem inn i rommet. Han har ei svart og mørkegrøn kappe, og set den rette, litt Harry Potterske, stemninga i salen. Når han ynskjer velkommen og introduserer Kjersti på engelsk, og ho held fram med presentasjonen sin på same språk, drøymmer eg meg ei tid over på Hogwarts School og Witchcraft and Wizardry.

Kjersti kjem snart inn i ein naturleg flyt, og eig presentasjonen sin. Det aller meste legg ho fram på ein så forståeleg måte at sjølv ein journalist som slit med å lesa tidevatn-tabellen i avisa klarar å henga med. Når det så er ein flett ny graf med eigne forskingsresultat ho viser til, slår ho entusiastisk ut armane og seier stolt:

– Eg veit ikkje om eg får fram kor unike desse resultatata er!

Publikum ler, og tonen er lett.

Underholdande

Disputas. Smak på ordet. Det liknar på disputt, kanskje det er difor eg automatisk ser føre meg opponentane som krangleverne?

Etter Kjersti har lagt fram oppgåva si på rundt 45 minutt, skal opponentane, ein professor og seniorforskar på feltet, spørja henne ut. Testa henne. Gjerne setja ho til veggs om dei må.

Her går det verkeleg på detaljniva – men det skulle vel kanskje berre mangla. Det skal ikkje berre vera lett å få ein doktorgrad. Å sjå korleis Kjersti tek tak i spørsmåla ho får, og tryllar fram svar som får opponentane til smila, gjer likevel at det til tider ser leikande lett ut.

Fakta

■ Kjersti Opstad Strand (31)

■ Austevolling busett i Bergen

■ Vert mor i vår

■ Har teke doktorgrad i oseanografi ved Havforskningsinstituttet (HI).

■ Jobbar ved Meteorologisk Institutt som varslingsmeteorolog og forskar.

■ Utdanna ved GFI, UIB, med studieopphald på Svalbard, Minnesota og Hawaii.

Å høyra folk snakka om noko dei brenn for, noko dei kan, kan vera sær underholdande.

Finalen

Etter to timar i auditoriet, har Kjersti halde presentasjonen sin, opponentane spurt henne ut og publikum fått høve til å stilla spørsmål. Komiteen på fire er klare til trekkja seg attende. Dei skal avgjera om dei vil tilrå for Universitetet i Bergen at Kjersti får doktorgraden sin.

Publikum reiser seg når dei fire går ut. Me rekk knapt å setja oss ned att, før me må reisa oss att: Komiteen kjem tilbake i rommet. Avgjerda vert gjort på berre nokre sekund.

– Enkel jobb

– No er det kake og prosecco!

Kjersti – doktor Strand – jublar bak talarstolen. Alle i publikum er inviterte på etterfest i andre enden av Geofysen. Nokon held talar, og overleverer gaver til Kjersti, som skålar med mozell. Prosecco får venta litt. Om under tre månader ventar ho nemleg det fyrste barnet sitt.

– Eg vil takka dei dyktige rettleiarane mine, Frode, Øyvind og Svein. For å klara ein doktorgrad må ein vera motivert, men òg ha rettleiarar som er interesserte og har trua på deg, seier Kjersti.

– Det har vore ein enkel jobb å rettleia Kjersti. Ho er svært dyktig, rosar Svein Sundby, nypensjonert seniorforskar ved Havforskningsinstituttet.